

---

Saksnr: 2020/36330-133  
Saksbehandlar: Åge Avedal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		04.11.2020

## Klagesak, tilskot til kulturbygg 2020. Herdla fort, Askøy kommune

### Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen frå Askøy kommune som gjeld tilskot til kulturbygg 2020 gir grunnlag for å endre tidlegare vedtak.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 113/2020, handsama 16. september 2020. Klagen vert ikkje tatt til følge. Klagen vert sendt over til Kulturdepartementet for endeleg vedtak.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune har mottatt klage frå Askøy kommune. Klagen gjeld grunngevinga som er valt for å avslå søknad om tilskot til kulturbygg 2020 til Herdla Fort Krateret. Klagen vart mottatt 1. oktober 2020. Søkjarpart er Askøy kommune.

Etter ei ny, samla vurdering ser ikkje fylkesdirektøren at det har kome fram opplysningar som gir grunnlag for å gjere om vedtaket. Fylkesdirektøren rår til at hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtaket frå 16. september, der søknaden fekk avslag. Fylkesdirektøren ser samtidig at formuleringane som vart nytta som grunngeving for avslag kunne ha vore meir utfyllande.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Klage på fordeling spillemidler 2020 - 76519 Herdla Fort Krateret, søknad om tilskot til kulturbygg
- 2 Tilskot til kulturbygg 2020 - PS
- 3 Tilråding og grunngeving, tilskot kulturbygg 2020 - vedlegg til PS

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Tilskot til kulturbygg i Vestland er finansiert gjennom spelemidlar fordelt av Kulturdepartementet. Ordninga vart lyst ut i januar 2020, med lokale søknadsfristar i kommunane. Frist for å sende over søknadene frå kommunane til fylkeskommunen var 30. april 2020.

[Retningslinjene for tilskotsordninga](#) vart vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og integrering i møte 21. januar (sak 3/2020). Vedtak om tildeling av midlar vart gjort av hovudutvalet i møte 16. september (sak 113/2020).

Ved søknadsfristen var det kome inn 55 søknader, der 46 søknader er godkjent då dei fyller kriteria i ordninga. Søknadssum for dei 46 godkjente søknadene var på i alt 27 616 575 kr. Hovudutvalet løyvde 6 288 000 kr til i alt 17 tiltak.

### Innhald i klagen

Askøy kommune klagar på grunngevinga som er valt for å avslå søknaden. I grunngevinga står «*Tilrådd avslag då utandørs kulturarenaer ikkje er prioritert i tilskotsordninga, jf. retningslinjene.*»

Klagar skriv vidare at «begrunnelsen medførte at politikerne i utvalget ikke behandlet søknaden i utvalget siden den ikke oppfylte kriteriene. Søknaden burde vært håndtert som er reel søknad med mulighet for å få tilskudd.»

I klagen er det referert til retningslinjene for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, fastsett av Kulturdepartementet, gjeldande frå 1. januar 2019. Der står det at utearenaer kan støttast gjennom ordninga, m.a. i punkt 1 under formål: «Tilskuddene skal bidra til egnede lokaler, bygninger og utearenaer som gir rom for ulik kulturell virksomhet.»

Klagar synest også det er rart at fylkeskommunen i vedtaksbrevet har skrivt «Søknaden tilfredstiller samstundes dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fremjast på nytt i 2021».

### Vurderingskriterium i ordninga

Søknadene i ordninga vart vurdert ut i frå følgjande kriterium, i tråd med retningslinjene i tilskotsordninga, vedtatt av hovudutval for kultur, idrett og integrering 21. januar 2020:

Lokale arenaer som t.d. grendahus, forsamlingshus og ungdomshus som inneheld kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioritert. Behovsvurderinga av dei lokale arenaene som vert gjort av søkjar og kommune må dokumentere at kulturaktivitet er ein vesentleg del av drifta.

Kulturbygg med regionale funksjonar med verdi, storleik og/eller nedslagsfelt som kan dekke behov ut over kommunegrensene har også prioritet. Vestland fylkeskommune klassifiserer kva som er kulturbygg med regionale funksjonar. Lokala skal vere planlagd ut frå ei kulturfagleg behovsvurdering og vere i samsvar med kommunale og regionale planar.

Følgjande vert lagt vekt på ved tildeling av midlar:

- Lokale arenaer som samlar ulike kulturaktivitetar vert prioritert.
- Kulturbygg med regionale funksjonar har prioritet.
- Følgje kommunale prioriteringar så langt som råd.
- Kommunal medfinansiering av prosjektet er ein føremon.
- Geografisk breidde i tildelingane.
- Gjentekne søknadar som er godkjent i anleggsregisteret, men har fått avslag tidlegare grunna manglande rammer.

For at søknadene skal vere godkjent og bli politisk handsama må det i tillegg følgje ein del vedlegg, som t.d. dokumentasjon på eigarforhold, framdriftsplan, skriftleg presentasjon, teikningar og dokumentasjon på finansiering.

I 2020 vart 46 av i alt 55 søknader godkjent, då dei fyller kriteria i ordninga. Askøy kommune / Herdla Fort Krateret er ein av dei 46 søknadene som vart godkjent fordi søknaden fyller kriteria i ordninga, og er dermed handsama i årets søknadsrunde.

### Grunngjevinga for avslag

Søknaden om tilskot frå Askøy kommune til Herdla Fort Krateret vart vedtatt avslått med følgjande grunngjeving: «*Tilrådd avslag då utandørs kulturarenaer ikkje er prioritert i tilskotsordninga, jf. retningslinjene.*»

I klagen skriv Askøy kommune at politikarane ikkje har handsama søknaden, sidan den ikkje oppfyller kriteria. Dette stemmer ikkje. Askøy kommune har lagt ved all dokumentasjon som er kravd gjennom ordninga, og er dermed ein av i alt 46 søknader som er godkjent og handsama. Det var ni søknader som ikkje vart handsama politisk i 2020, då dei ikkje fyller kriteria i ordninga med omsyn til m.a. vedlagt dokumentasjon. Herdla Fort Krateret er ikkje ein av desse. Kva søknader som vart godkjent og ikkje i tråd med kriteria kjem fram av saksutgreiinga som vart lagt fram i hovudutvalet for kultur, idrett og integrering i møtet 16. september.

I grunngjevinga for avslag er det skrive at «utandørs kulturarenaer ikkje er prioritert i tilskotsordninga, jf. retningslinjene». Vi ser at denne formuleringa ikkje er tydeleg og god nok. Intensjonen bak grunngjevinga var å vise til retningslinjene for tilskotsordninga, slik den vart vedtatt i Vestland fylkeskommune i januar 2020. Klagar har oppfatta det til å vere vist til retningslinjene for den *nasjonale ordninga desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg*, fastsett av Kulturdepartementet i 2019. Fylkesdirektøren ser at ordet *retningslinjer* ikkje er tydeleg nok forklart i grunngjevinga for avslag. Askøy kommune og Vestland fylkeskommune har ulik tolking av grunngjevinga, der ordet *retningslinjer* har blitt ulikt forstått.

Retningslinjene for tilskot til kulturbygg som vart vedtatt av hovudutvalet for kultur, idrett og integrering i januar 2020 byggjer på dei nasjonalt vedteke retningslinjene, fastsett av Kulturdepartementet. Her står det m.a. at utandørs kulturarenaer kan få tilskot gjennom ordninga. Gjennom handsaminga av søknadene har fylkesdirektør lagt retningslinjene vedtatt av hovudutvalet til grunn ved vurdering og vektning av søknadene. Det vart vedtatt å gje tilskot til 17 av dei 46 godkjente søknadene, basert på vurderingskriteria i retningslinjene vedtatt av hovudutvalet og dei midlane fylkeskommunen hadde til rådvelde.

### Vurdering av klagen

Askøy kommune klagar på grunngjevinga for avslag på søknaden om tilskot til kulturbygg. Vidare skriv kommunen i sitt brev at søknaden ikkje er behandla politisk.

Fylkesdirektøren ser at grunngjevinga for avslag kunne ha vore tydelegare formulert, og at ordet *retningslinjer* kan tolkast ulikt. Når vedtaket om avslag vart gjort var det på bakgrunn av retningslinjene vedtatt av hovudutvalet i januar 2020. Det er vurderingskriteria frå desse retningslinjene som har vore nytta i handsaminga av søknaden, og i desse er ikkje utandørs kulturarenaer prioritert.

Søknaden frå Askøy kommune er politisk handsama då den var godkjent i tråd med krava i retningslinjene, som gjeld m.a. dokumentasjon av finansiering, teikningar, skriftleg presentasjon etc. Søknaden nådde likevel ikkje opp mellom dei 46 som var godkjente, då utandørs kulturarenaer ikkje er nemnt som prioritert anleggstype i vurderingskriteria.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det ikkje grunnlag for å gjere om vedtaket.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement, punkt 3.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Vedtaket vil ikkje få økonomiske konsekvensar.

**Klima:** Ikkje relevant.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR, har utvikling av kulturbygg som satsingsområde.

## Konklusjon

Askøy kommunen klagar på grunngjevinga som er valt for å avslå søknaden om tilskot til kulturbygg til Herdla Fort Krateret. Klagar viser til at utandørs kulturarenaer kan få tilskot gjennom ordninga, og skriv at søknaden ikkje er handsama politisk.

Søknaden om tilskot er handsama politisk, men ordet *retningslinjer* er ulikt forstått av Vestland fylkeskommune og Askøy kommune. Fylkesdirektøren ser at fylkeskommunen ved seinare høve bør komme med tydelegare grunngjevingar for vedtak for å unngå ulike tolkingar.

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å halde fast på vedtaket frå møte 16. september 2020.